

Framlegg til samarbeidsavtale og ny plattform for Vestlandsrådet

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtek samarbeidsavtalen slik den no ligg føre.
2. Vestlandsrådet vedtak ny plattform for Vestlandsrådet. Den nye plattforma presiserer nærmere satsingsområda i samarbeidsavtalen.

Prenta vedlegg:

Samarbeidsavtalen

Framlegg til ny plattform

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

I denne saka inviterer fylkesrådmannen Vestlandsrådet til å vedta både samarbeidsavtalen, som alle fylkestinga har handsama og uttalt seg til, og den nye plattforma for Vestlandsrådet. Den nye plattforma byggjer på samarbeidsavtalen og skisserer m.a. nærmere satsingsområda i avtalen.

Når det gjeld nye vedtekter for Vestlandsrådet, er desse allereie vedteke i kvar einskild fylkesting og følgeleg gjeldande. Vedtekten fungerer som mandat frå fylkestinget til Vestlandsrådet og skal derfor ikkje vedtakast på nytt i rådet.

Ny plattform for Vestlandsrådet vil elles bli drøfta i felles møte mellom fylkesutvala og Vestlandsrådet torsdag 25 februar. På grunnlag av drøftingane her, vil ein kunne få justeringar.

Som ein vil sjå, vil dei to dokumenta ha ulik status i den forstand at samarbeidsavtalen er drøfta og handsama i fylkestinget før endeleg vedtak i Vestlandsrådet, medan ny plattform vert vedteke direkte i Vestlandsrådet etter føregåande drøfting i fylkesutvala, men altså utan handsaming i fylkestinga.

Bakgrunn og forankring

Saka skriv seg frå handsaming i Vestlandsrådet våren 2009 der ein slutta seg til det synet at tidlegare handlingsplan i Vestlandsrådet i for stor grad var prega av utviklingstiltak og for detaljert. Rådet ønska heller eit meir strategisk dokument – ein traktat – med prioriterte satsingsområde. Omgrepet traktat vart omsett til samarbeidsavtale, og i møte i Bergen 26 og 27 mai 2009 mellom Vestlandsrådet og fylkesutvala, la ein fram eit utkast til ny samarbeidsavtale.

Samarbeidsavtalen vektlegg meir det politiske og organisatoriske grunnlaget for Vestlandsrådet og skal vere med å styrke den politiske leiarskapen i rådet.

I sak 09/09 i Vestlandsrådet vedtok rådet å be dei fire fylkestinga på vestlandet om å uttale seg om

- Ein felles samarbeidsavtale
- Godkjenne revisjon av vedtekter for Vestlandsrådet (mandatet)
- Og slutte seg til at det blir oppretta ei fast stilling som sekretariat for Vestlandsrådet

Alle fylkestinga har handsama saka og slutta seg til framlegget frå Vestlandsrådet.

Vurdering

Fylkesrådmannen vil peike på at det er lagt til grunn ein brei og god prosess for utarbeiding av ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet. Framlegg til ny plattform presiserer nærmere satsingsområda i samarbeidsavtalen. Som strategisk dokument er desse med på å styrke den politiske leiarskapen i Vestlandsrådet samstundes som ein peiker på nokre konkrete satsingsområde. Fylkesrådmannen meiner ein med dette får eit verktøy som gir ei retning på arbeidet samstundes utan at det er noko handlingsprogram. I tillegg sikrar det politisk handlingsrom.

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Trond Ueland

Arkivsaksnr.: 09/43
